


Uskedeling fekk pressepris



Lufthamnsjef Jan Morten Myklebust fekk Haugesund journalistlag sin pressepris for 2006.

Jan Morten Myklebust frå Uskedalen, som no er lufthamnsjef for Stord lufthamn Sørstokken, har fått Haugesund journalistlag sin pressepris for 2006. Han fekk den for den store innsatsen han gjorde for å informera pressa under ulukka på flyplassen 10. oktober i fjor.

Leiar i journalistlaget Thomas Førde sa under overrekkinga av prisen at Myklebust både i denne spesielle situasjonen og ved andre høve har strekt seg lang for å hjelpa pressa i deira arbeid. Han svarar alltid på førespurnader frå journalistar sjølv om det ofte er lite hyggjelege ting det blir spurd om.

Myklebust har gong på gong vist at han er en varm person med eit sterkt engasjement for sine medmenneske. Både under ulykka ved Sørstokken i 1998 der ni danske gjestearbeidarar omkom og under ulukka no i haust der det færøyske flyet køyrde utfor rullebanen og ei flyvertinne frå Færøyane omkom, har Myklebust halde kontakt med dei pårørande - både i Danmark og på Færøyane.